

KOMMUNEOVERLEGEN I NORD-FRON
2640 VINSTRA
Tlf: 61216300

NORD-FRON KOMMUNE	
ARKIVSAK 07/1600	DOK. 2
IN. POST 07/6683	DATO 25/10 7
ARKIVK. 610 8 00	SAKSB. PVE

Det kongelige Helse- og omsorgsdepartementet
Folkehelseavdelingen
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

25. oktober 2007

Høring av utkast til endring i forskrift om kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjon- og skolehelsetjenesten – uttale frå Nord-Fron kommune.

Nord-Fron kommune har motteke nemde utkast til høyring. Kommuneoverlegen vil gi følgjande uttale til dette:

Heimel.

Å bruke § 1-3 femte ledd (ulukker og andre akutte situasjonar) som heimel for denne forskriftsendringa er noko underleg. Både første, andre og fjerde ledd ville vore meir naturleg valg som heimel for ei evt. forskriftsendring.


Endring i forskrift

Å plassere dette ansvaret i kommunens helsefremmande og forebyggjande helsearbeid er etter Kommuneoverlegen si meining ikkje rett.

- Behandling er ikkje ein del av helsefremmande og forebyggjane helsearbeid
- Medikamenthandtering er så avgjort ikkje ei oppgåve for helsestasjon og skulehelseteneste
- Ei slik forskriftsendring vil bringa inn nye element av behandling i oppgåvene og flytte fokus fra det som er helsestasjonen og skulehelsetenesta sine oppgåver, dvs. helsefremmande og førebyggjande arbeid.
- Det er behandlar (den som har forskrive medikamentet) som vil være naturleg kontakt for skule og barnehage der det oppstår problem kring handtering av medikament i høve til einskildbrukarar.
- Forskriftsendringa løyser ikkje det som var definert som eit problem, at ein ikkje har nokon heimel for medikamenthandtering i barnehagar, skular og skulefritidsordning. Til det er forslaget til ny §2-4 for uklår.

Kommuneoverlegen i Nord-Fron finn derfor at forslaget til endring av forskrifta ikkje er godt nok, at det ikkje har rett heimel og bør leggest til andre lovar og forskrifter enn den som nå er foreslått.

Med venleg helsing



Per Arne Vesteraas
Kommuneoverlege